

Saker handsama i tilsettingsrådet ved Det humanistiske fakultet etter fakultetsstyremøte 20.06.2017:

Sak 12/2017: 16/3498

Tilsetting i stilling som stipendiat knytt til fagområdet «Medical Humanities»

Tilsettingsrådet tilset Preben Sørheim i treårig stipendiatstilling i fagområdet «Medical Humanities», med høve til eit fjerde pliktarbeidsår. Pliktarbeid og dato for tilsetting vert avtala mellom institutt/fakultet og kandidaten.

Reserve vert:

1. Clemet Askheim
2. Henrik Harthug

Sak 13/2017: 17/5912

Tilsetting i stilling som forskar (1109) utan utlysning i prosjektet «Clarino» knytt til Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Tilsettingsrådet tilset Paul Meurer som forskar (1109) i perioden frå og med 01.06.2017 til og med 31.05.2022 i 20% stilling i prosjektet «Clarino» ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.

Sak 14/2017: 16/10960

Tilsetting i fire stillingar som stipendiat ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Tilsettingsrådet tilset Sofie Marhaug (allmenn litteratur), Are Bøe Pedersen (nordisk litteratur), Ragnhild Gjefsen (teatervitskap) og Fredrik Parelius (nordisk litteratur) i fireårige stipendiatstillingar. Tilsettingsdato vert 01.08.2017.

Reserve vert:

1. Marthe Hatlen Grønsveen (nordisk fagdidaktikk)
2. Leonardo Nazar Martinho (klassisk)

Sak 15/2017: 17/6978

Tilsetting i stilling som forskar (1109) i NFR-prosjektet «A Narratology of Criminal Cases» knytt til Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Tilsettingsrådet tilset Frode Helmich Pedersen som forskar (1109) i perioden frå og med 05.07.2017 til og med 31.12.2019 i NFR-prosjektet «A Narratology of Criminal Cases» ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium.

Sak 16/2017: 16/11344

Tilsetting i stilling som postdoktor i vitkapsfilosofi ved prosjekt knytt til Institutt for filosofi og førstesemesterstudium

Tilsettingsrådet tilset Veli-Pekka Parkkinen som postdoktor i vitkapsfilosofi ved prosjektet «Boolean Causal Modelling with Coincidence Analysis» (Causal Modelling Project) ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudium. Tilsettinga er treårig, med eit mogleg fjerde pliktår i tillegg. Tidspunkt for tilsetting vert avtalt med institutt og fakultet.

Som reserve vert 1) Finnur Dellsén rangert.

Sak 17/2017: 17/2680

Tilsetting i stilling som stipendiat i fransk litteraturvitenskap ved Aldringsprosjektet knytt til Institutt for framandspråk

Tilsettingsrådet tilset Gunn Inger Sture i den utlyste stipendiatstilling ved det NFR-finansierte prosjektet «Aldring i kulturhistorisk perspektiv: litteratur, medisin, psykologi, juss» (Aldringsprosjektet) ved Institutt for framandspråk. Tilsettinga er treårig. Tidspunkt for tiltreding er fortrinnsvis 01.08.2017, men vert avtalt med institutt og fakultet.

Sak 18/2017: 17/1809

Tilsetting i stilling som postdoktor knytt til forskingsprosjektet i kulturvitenskapleg klimaforskning

Tilsettingsrådet tilset Marit Ruge Bjærke i den utlyste postdoktorstillinga i kulturvitenskapleg klimaforskning. Tilsettingsperioden er tre år og tidspunkt for tilsetting blir avtala med instituttet.

Sak 19/2017: 17/4096

Tilsetting i stilling som universitetslektor i engelsk litteratur ved Institutt for framandspråk - vikariat

Tilsettingsrådet tilset Jamie Callison i vikariat i full stilling som universitetslektor i engelsk litteratur ved Institutt for framandspråk i eitt år frå 01.08.2017 til 31.07.2018, med ei mogeleg utviding på eitt år.

Robert Stark vert rangert som reserve.

Sak 20/2017: 17/1808

Tilsetting i stilling som stipendiat knytt til forskingsprosjektet i kulturvitenskapleg klimaforskning

Tilsettingsrådet tilset Lone Ree Milkær i den utlyste stipendiatstillinga i kulturvitenskap knytt til prosjektet «The Future is Now». Tilsettingsperioden er tre år og tidspunkt for tilsetting blir avtalt med instituttet.

Sak 01/2017 – dekanens sommarfullmakt: 17/7822

Tilsetting i stilling som professor II utan utlysning ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Dekanen ved fullmakt tilset Anne Eriksen i stilling som professor II frå og med 01.08.2017 til og med 30.06.2020 i 15 % stilling ved Institutt for arkeologi, historie, kultur og religionsvitenskap

Sak 02/2017 – dekanens sommarfullmakt: 17/7529

Tilsetting i bistilling som forskar (1109) utan utlysning i prosjektet «The Future is Now» knytt til Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Dekanen ved fullmakt tilset Camilla Asplund Ingemark i bistilling som forskar (1109) i perioden frå og med 01.07.2017 til og med 31.08.2020 i 16,6 % stilling i prosjektet «The Future is Now» knytt til Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap.

Sak 03/2017 – dekanens sommarfullmakt: 17/8360

Tilsetting i stilling som professor II ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap – forlenging

Dekanen ved fullmakt tilset Rolf Hobson i 20 % bistilling som professor II i historie ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap for perioden frå og med 01.08.2017 til og med 31.07.2021 – i forlenging.

Sak 04/2017 – dekanens sommarfullmakt: 17/11548

Tilsetting i bistilling som professor (9301) utan utlysning knytt til Senter for Griegforskning – 20 % stilling

Dekanen ved fullmakt tilset Professor Daniel Grimley i bistilling som professor II i inntil 2 år frå og med det tidspunkt som avtales med Senter for Griegforskning.

Sak 05/2017 – dekanens sommarfullmakt: 17/9763

Tilsetting i bistilling som forskar (1108) utan utlysning i prosjektet «Co-Cli-Serv» knytt til Senter for vitenskapsteori – 11 % stilling

Dekanen ved fullmakt tilset Lisbeth Iversen som forskar (1108) i perioden frå og med 15.09.2017 til og med 14.09.2020 i 11 % stilling i prosjektet «Co-Cli-Serv» ved Senter for vitenskapsteori.

Sak 06/2017 – dekanens sommarfullmakt: 17/9549

Tilsetting i bistilling som vitenskapleg assistent (1019) utan utlysning i prosjektet «Co-Cli-Serv» knytt til Senter for vitenskapsteori – 16 % stilling

Dekanen ved fullmakt tilset Diana Wildshut som vitenskapelig assistent (1019) i perioden frå og med 15.09.2017 til og med 14.09.2020 i 16 % stilling i prosjektet «Co-Cli-Serv» ved Senter for vitenskapsteori.

Sak 07/2017 – dekanens sommarfullmakt: 17/8257

Tilsetting i stilling som vitenskapelig assistent ved Senter for kvinne- og kjønnsforskning

Dekanen ved fullmakt tilset Tomas Salem som vitenskapelig assistent ved Senter for kvinne- og kjønnsforskning for perioden 01.08.2017 til og med 31.12.2017, med høve til forlenging.